

**Ansvarleg sakshandsamar sign. for utført handling:
Saka er godkjend av fylkesrådmannen:**

Dokumentoversyn:
Tal prenta vedlegg: *
Tal uprenta vedlegg: *

Vestlandsrådet - Årsmelding og rekneskap 2008

Fylkesrådmannen rår Vestlandsrådet til å gjere slikt vedtak:

Vestlandsrådet godkjenner årsmelding med rekneskap for Vestlandsrådet 2008

Prenta vedlegg:

Uprenta vedlegg:

Saksframstilling

ÅRSMELDING FOR 2008

Samferdsel

Nasjonal transportplan 2010-2019 og E39 Kyststamvegen har vore ei viktig sak for Vestlandsrådet i 2008. På første møte i 2008 vart Vestlandsrådet orientert av Vegdirektoratet om dei statlege transportetatane sitt forslag til Nasjonal transportplan 2010-2019. På påfølgjande møte, 24.april 2008, vedtok Vestlandsrådet uttale til dette planforslaget.

Seinare vart Vestlandsrådet si prioritering av E39 Kyststamvegen presentert på kontaktmøte med samferdselsministeren, 3.mars 2008, om Nasjonal transportplan 2010-2019. Vidare inviterte Vestlandsrådet næringsliv og regionale og sentrale beslutningstakarar på seminar i Oslo om E39 Kyststamvegen, 16.juni 2008. På seminaret var det god deltaking frå næringslivet og regionale beslutningstakarar frå Vestlandet. Dei sentrale beslutningstakarane var tilsvarende mindre godt representert på arrangementet.

Seinare hausten 2008 har det og vore freista å få til direkte møte med Vestlandsrådet og dei ulike partigrupperingane i den raud-grøne regjeringa for å presentere behovet for satsing på E39 Kyststamvegen. Det lukkast å få til eit møte med Senterpartiet, der både representantar frå politisk leiing i Samferdselsdepartementet, Statsministerens kontor og Stortinget deltok.

Vestlandsrådet har også i 2008 hatt saka om prosjektet Ekspressbuss Vestlandet på dagsorden. Fase 1 av dette prosjektet var slutført på vårparten 2008, med konklusjonar om vidare arbeid og tilrettelegging for eit meir effektivt gjennomgåande ekspressbusstilbod mellom Stavanger og Trondheim. Samferdselsdepartementet har også i 2008 gitt midlar til prosjektet innanfor ordninga "Betre kollektivtransport i distrikta". I slutten av 2008 vart det lyst ut ledig stilling som prosjektleiar for å vidareføre dette prosjektet.

Tildeling av oppdrettskonsesjonar for laks og aure 2009

Vestlandsrådet vedtok i eiga sak å retta krav til Fiskeri- og kystdepartementet om å få oppdretts-konsesjonar for laks og aure til Vestlandet i tildelingsrunden 2009. Mot Fiskeridirektoratet si innstilling vedtok departementet å tildela konsesjonar på Vestlandet slik :

- Rogaland : 0
- Hordaland fylkeskommune : 5
- Sogn & Fjordane : 5
- Møre og Romsdal : 5

Fiskeridirektoratet hadde innstilt på tildeling berre nord for Stadt.

Vestlandsprogrammet for nye oppdrettsartar

Prosjektet hadde oppstart som forprosjekt i 2006 med fokus på fire programområde:

- Finansieringsordningar
- Arealbruk
- Kompetanseheving og rekruttering
- Nettverk og FoU

Frå 2008 er dette etablert som felles, fullskala program for dei fire Vestlandsfylka. Økonomiske bidrag frå dei respektive fylke er lagt inn i eit fellesbudsjett som i 2008 var på 5,3 mill. kroner. Det vart i år inngått avtale om korleis pengane skal forvaltast, og kva styringsstruktur som ligg

til grunn. Handlingsplanen for programmet vart oppdatert i 2008. Hordaland fylkeskommune har leia arbeidet dette året.

EU sin maritime politikk.

EU Kommisjonen la 10 oktober 2007 fram ei melding om ein framtidig integrert maritim politikk for heile EU. I tillegg til sjølve meldinga, har Kommisjonen også lagt fram ein handlingsplan med konkrete tiltak. Målet med denne har vore å skape ein heilskapleg politikk for alt som er i, under, ved og over havet. Vestlandsrådet har i fleire saker teke opp tema relatert til EU sin maritime politikk og norsk oppfølging av denne. Vestlandsrådet har i sak vore orientert om innhaldet i handlingsplanen. Vidare orienterte statssekretær Elisabeth Walaas i møte i september om Noreg si oppfølging av EU sin integrerte maritime politikk. Ho peikte ma. på behovet for felles tenking og prioritering, og difor å skaffa nye møteplassar. Vestlandsrådet gav uttrykk for at ein ønskjer å delta i desse prosessane.

Vestlandsrådet har uttalt seg om EU-direktiv om maritim miljøpolitikk i september . Vidare har Vestlandsrådet vedteke å følgje opp arbeidet forvaltingsplan for Nordsjøen.

EU sin samhoyperepolitikk

EU sin *territorial cohesion policy* eller samhoyperepolitikk vil få mykje å seie for norsk politikk når den vert vedteken. Dette vil vere EU sin regionalpolitikk og vil mellom anna vere toneangivande for dei regionale programma i perioden 2013-2020 og vil og kunne få direkte påvirkning på norsk lovgivning på området. Det er utarbeida eit forslag til høringsuttale frå Vestlandsrådet til EU departementet og kommisjonen

Kystskogbruket

Vestlandsrådet har saman med Landsdelsutvalet for Nord-Norge og Nord-Trøndelag, samt Sør-Trøndelag fylkeskommune gitt midlar til ei utgreiing om kystskogbruket. Utgreiinga vart lagt fram for Vestlandsrådet i februar 2008. Det vart ma. i vedtaket sagt at vurdering og oppfølging av punktene i meldinga i første rekkje vil vere eit ansvar for næringa, fylkesmennene og fylkeskommunane.

Ulikskap i ressursar mellom helseføretaka

I møte i februar tok Vestlandsrådet opp ulikskapen i ressursar mellom helseføretaka i økonomiske rammer. Det vart kravd full utjamning etter den modellen eit utval, Magnussen-utvalet, hadde gjort framlegg om. På møtet orienterte medlem av Magnussen-utvalet, Jan Askildsen frå Rokkansenteret UiB, medlem av Magnussenutvalet, orienterte om Magnussen-utvalet og finansiering av helseføretaka.

M.a. etter press frå Vestlandsrådet, har Helse Vest RHF og Helse Midt-Norge RHF fått styrkt sine rammer i høve til dei andre helseføretaka.

Læremiddel i vidaregåande skule

I møtet i desember tok Vestlandsrådet opp situasjonen for læremidlar på nynorsk, samt for tilpassing av læremiddel som hørsle-/synshemma og framandspråklege elevar. Ulike modellar for samarbeid mellom fylkeskommunane vart vurdert. Vidare har Vestlandsrådet oppmode Regjeringa om å leggje til rette for dette, t.d. gjennom press mot bransjen og gjennom tilskotsordningar for lærebøker i smale fag på begge målformer.

Innspel til statsbudsjettet for 2009

I april bad Vestlandsrådet Regjeringa om å prioritere følgjande i Statsbudsjettet for 2009:

- Utjamning av forskjellane i inntekt mellom helseføretaka.
- Behovet for nytt odontologibygge ved Universitetet i Bergen.
- Behov for monaleg auke i rammene for rentefrie lån til skulebygg.
- Nok midlar til vidareføring av igangsette prosjekt og oppstart av nye prosjekt i samsvar med handlingsprogrammet til Nasjonal Transportplan 2006-2009. Vidare midlar til Stad skipstunnel.
- Betre garantiordning for driftskreditt innan oppdrett av nye marine artar.
- Etablering av kiropraktorutdanning i Noreg lokalisert til Universitetet i Stavanger.
- Avsetting av midlar til satsinga på Universell utforming.

Strategiplan for Vestlandsrådet

Vestlandsrådet vedtok i februar å starte eit arbeid med strategiplan for rådet. Innhaldet i denne vart drøfta i møte i april og i september. I desember vart det gjort slikt vedtak:

- "Fylkesutvala i medlemsfylka samlast i Bergen 26. og 27. mai til strategisamling i Vestlandsrådet*
- *Det vert utarbeidd ein samarbeidstraktat som har som mål å vera forpliktande for det vidare samarbeidet i Vestlandsrådet.*
 - *Det vert arbeidd vidare med innhaldet i samarbeidet i møtet 25.-26. februar."*

Studietur

Vestlandsrådet reiste i oktober på studietur til Sverige. Rådet besøkte forskingsinstituttet Nordregio, som er oppretta av Nordisk ministerråd for regional utvikling og samfunnsplanlegging, og fekk informasjon om diverse forskingsprosjekt ved institusjonen. Vidare besøkte Vestlandsrådet også Region Västra Götaland der rådsmedlemma fekk informasjon om korleis Västra Götaland arbeider med regional utvikling.

Andre saker

Vestlandsrådet løyvde i september 100.000 kr til eit forskingsprosjekt om kulturpolitikk mellom region og stat.

Vestlandsrådet har gitt uttale til ei rekkje andre saker. Vi vil her nemne:

- Vestlandsrådet handsama i februar 2008 "Sett under ett – ny struktur i høgere utdanning" (NOU 2008:3). Innstillinga vurderte utfordringar og sannsynleg utvikling for høgare utdanning i Noreg.
- Regjeringens arbeid med "Langtidsplan for Forsvaret 2009-2012"
- Uttale om at MTB-ane av Skjold-klassa fortsett må vere ein del av Forsvaret.
- Lokalisering av eit nytt direktorat for kriminalomsorgen til Bergen.
- Uttale om forvaltingsreforma
- Heving av vraket av ubåten U-864 ved Fedje i Hordaland.

På møtet i desember orienterte direktør i Forskingrådet, Arvid Hallèn om arbeidet med regionale forskingsfond. På same møtet orienterte direktøren i SIVA, Harald Kjeldstad om regionale innovasjonsselskap.

Leiar av Vestlandsrådet tok i juni 2008 opp dumping av fisk frå utanlandske fiskebåtar.

REKNESKAPEN 2008

	Kr.
<i>Inntekter 2008:</i>	
Overført frå 2006	1 920 357,54
Overført frå fylkeskommunane 2007	1 000 000,00
Til disposisjon 2008	2 920 357,54
<i>Utgifter 2008:</i>	
0509 Andre løner	20 344,00
0990 Arbeidsgjevaravgift	2 156,46
1404 Trykking og kopiering	240,00
1601 Tenestereiser	350,00
1701 Reise og opphaldsutgifter	53 836,45
2701 Konsulentutgifter	12 965,01
3300 Overføring til fylkesk.	656 756,00
3700 Kjøp frå andre	338 964,90
4700 Overføring	115 692,00
5009 Renter	432,00
Sum utgifter	1 201 736,82
Til overføring 2009	1 718 620,72

Motteke statstilskot for åra 2007 og 2008 til prosjektet "Ekspressbuss Vestlandet" – til saman 1 000 000 kr. – er ført i eige prosjektrekneskap og er ikkje inkludert i tala.

Utgiftene i 2008 kan fordelast slik på hovudaktivitetar:

Til arbeid innan samferdsle:

• Ekspressbuss Vestlandet	131 289,00
• Transportplan/E39-arbeid	194 552,26
Vestlandsprogrammet for nye arter	693 597,90
Kystskog	100 000,00
Møteavvikling, administrasjon, trykking, heimeside etc.	82 297,66

Til saman 1 201 736,82

I samband med budsjettbehandlinga i 2008 vart det løyvt 200.000 kr til påverknadsarbeid i samband med Nasjonal Transportplan. Det vart også løyvt inntil 200 000 kr. til fase 1 av utgreiinga av Ekspressbuss Vestlandet i møte i mars 2007.

Midlane frå Kyststamvegutvalet skal nyttast til samferdsleformål. Vi legg likevel til grunn at løyvinga frå mars 2007 og i budsjett 2008 vert belasta Vestlandsrådet sine midlar og følgjeleg vert overført sum 408 542,95 kr. frå 2007 øyremarka "kyststamvegutvalmidlane" overført fullt ut til 2009.

I 2007 løyvde Vestlandsrådet 200 000 kr. til ei arbeidsgruppe som skal arbeide for betre finansieringsordningar for marint oppdrett. I tillegg har rådet vedteke ei ramme for det vidare arbeidet med "Nye arter i oppdrettsnæringa" på 675 000 kr. Ved inngangen av året stod det att

493 166,51 av desse midlane. Alle desse midlane er i løpet av 2008 overført til eit eige prosjektrekneskap. Det vil bli gjort greie for bruken av desse midlane i eigen rapport

I 2008 har Vestlandsrådet elles løyvd 100 000 kr. til utgreiing om styrking av den regionale rolla i den nasjonale kulturpolitikken gjennom overføring av oppgåver og ressursar til det regionale folkevalde nivået. Desse er ikkje utgiftsførde.

Overført løyving frå 2008		- 1 718 620,72
Bindingar:		
Kyststamvegmidlar overført til 2009	482 542,95	
Utgreiing om styrking av den regionale rolla i den nasjonale kulturpolitikken	100 000,00	
<i>Sum bindingar</i>		582 542,95
Til disposisjon inn mot budsjett 2009		1 136 077,77